

Sistasio

TORS DAG	FREDAG	LAUR DAG	SÖNDAG	MÄNDAG	TYSDAG	ONSDAG
19°	19°	18°	17°	17°	16°	15°

FLO	FJÆRE
Tors. 10.15 - 22.30	Tors. 04.03 - 16.16
Fre. 10.56 - 23.09	Fre. 04.44 - 16.54
Laur. 11.33 - 23.44	Laur. 05.21 - 17.28
Søn. 12.06 - —	Søn. 05.54 - 18.00
Mån. 00.17 - 12.38	Mån. 06.24 - 18.30
Tys. 00.49 - 13.09	Tys. 06.53 - 18.59
Ons. 01.20 - 13.41	Ons. 07.21 - 19.28

Langtidsvarselet er henta frå yr.no og viser venta veru på dagtid (kl 12 til 18)



Jodlaren som ror frå Nordkapp til Lindesnes

BLID TRIO: - Eg får heilt sommar-kjensle! Me har hatt shorts på oss oftere dei siste dagane enn me hadde i heile juni, juli og august, seier Bjørn Tomren (t.v.), som tysdag kunna nyta sola i Neshamn i lag med Kjell Magnus Økland (midten) og Damon Whittemore.

LUNSPAUSE: Oselvaren «Margret» vert styrt inn til kai i Neshamn.

– Båten er oppkalla etter ei sinnssjuk tante som drukna. Eg vonar båten sin skjebne blir betre, flirer Bjørn Tomren, som for tida seglar Norge på langs i oselvaren «Margret».

Tomren, som er kjend under musikarnamnet Polkabjørn, har tidlegare padla og gått Noreg på langs, både på ski og til fots. No nærmar han seg slutten på den fjerde turen, denne gangen bak årane, frå Nordkapp til Lindesnes.

Tysdag denne veka hadde han lunsj i Neshamn, saman med gjestearar nummer ti på ferda, Kjell Magnus Økland, og den amerikanske musikkprodusenten Damon Whittemore.

Eit skikkeleg skippartak

Oselvaren er spesialbygd for

turen av Bjørnevik Båt i Os, og var ferdig i mai i år. Ein måned seinare starta turen. Men medan båten er ekstra robust for å takla den norske kysten, var Tomren mindre førebudd på turen.

– Eg var i dårleg form då eg starta. Eg er ikkje så sunn til vanleg, så eg likar å ta eit skippartak ein gong i blant. Så lever eg usunt igjen i to år, før det er ny tur, forklarar jodlaren.

– Korleis går det med nevane når du plutsleg ror så mykje?

– I byrjinga fekk eg blemmer, men no går det bra. Eg er ikkje van med manuelt arbeid, sånn generelt, forklarar Tomren.

Lokal guide frå Tysnes

Sidan turen starta, har Tomren teke ombord gjestearar. Utflytta tysnesing

Kjell Magnus Økland var med på den tre dagar lange etappen frå Hjellesstad til Stord, med overnatting på Halthjem og Økland.

Økland held på med ei bok om oselvaren, og vart involvert i roturen via felles kjende. Det er han som bloggar for Tomren, men på Tysnes var han i tillegg lokal guide.

– Eg har fått høyra lokale historier om Kjell Magnus sin oppvekst, og små anekdotar om Tysnes Rundt. Slikt som «der gjekk ein oselvar på grunn», fortel Tomren, til latter frå Økland.

Undervegs stoppa dei på Bruntveit, og kjøpte is, skulebollar, smågodt og sjokolademjolk.

– Sjokolademjolk og Bruntveit går hand i hand, slår Økland fast.

– Eg hadde ein plan ein gong

Før turen starta var målet å vera framme på Lindesnes i byrjinga av august. I byrjinga av september anslår Tomren at han har vel ei veke igjen med roing. Men fyrst har han nokre spelejobbar, så båten blir liggjande på Stord fram til helga. Forseinjinga plagar derimot ikkje Tomren i det heile.

– Dette er ein fin livsstil. Eg treff mange folk langs kysten, og opplever stor gjestfridom. Men turen har ikkje blitt fullt så sunn som eg hadde håpt på, for det er jo sommar, og folk langs kysten drikk visst ein del då, smiler han.

Grunnane til at Tomren stadig vekk går, padlar eller ror Norge på langs, er ifølgje han sjølv mange. Men han meiner det heile starta då faren hans

padla frå Bergen til Måløy. Han snakka varmt om turen, og Tomren fekk lyst til å prøva det sjølv. Som sagt, så gjort. Han synest turen var fin, sjølv om det var mars, og framleis vinter.

– Eg prøvde det igjen på sommarstid, og angra ikkje. Så ville eg ha ny tur, og gjekk Norge på langs. Eg angra ikkje på det heller. Det er den kjensla av å vera ute i naturen over lang tid som driv meg. Eg føler meg privilegert som kan gjera det. Det er fint å ha lange turar som varar i to-tre månadar om gongen, og eg kjem sikkert til å halda fram med det. Det er ein fin måte å leva på, seier han.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no

#tysnesHAUST

Hausten nærmar seg med stormskritt, men me feirar tysnessommaren litt til. Denne veka er det Rune Haugseng som stikk av med to Flax-odd – me gratulerer!

Har du eit fint sommarbilet? Ikkje gløym #tysnessom-

mar når du lastar det opp til Instagram! Dei som ikkje nyttar Instagram, kan senda bileta sine til randi@tysnesbladet.no. Ikkje gløym å merka eposten med #tysnessommar for å vera med i trekninga.

